

Permisjon frå skulen

Kort fortalt

- Elevar kan søke permisjon frå skulen i inntil to veker - ti skuledagar.
- Konseptansvarleg behandlar permisjonssøknaden.
- Søknad må helst sendast éin månad før elevpermisjonen skal starte.

Alle har rett til å søke permisjon frå skulen

§ 3-13. Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa

Når det er forsvarleg, kan skolen gi den enkelte eleven i grunnskolen permisjon i inntil to veker. Ved avgjerd etter føresegna gjeld forvaltningsloven. Avgjerd om permisjon er enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 2. Departementet er klageinstans.

Om permisjonen blir innvilga fråskriv (foreldra på vegne av,) elevane seg retten til opplæringa i den perioden.

Kor mange dagar kan du søke om?

Du kan søke om permisjon frå skulen i inntil to veker (ti skuledagar). Det er opp til skulen å vurdere om ein elev skal få innvilga permisjon. Skulen kan avslå søknaden sjølv om det er forsvarleg for den enkelte elev å få fri.

Når kan eleven få permisjon?

Det blir ikkje gitt permisjon i periodar med førebuing og gjennomføring av:

- Statlege kartleggingsprøver
- Nasjonale prøver
- Eksamenar, munnleg og skriftleg
- Prøver og vurderingssituasjonar slik det går fram av skulen sin terminplan/prøveplan

Det er ikkje vanleg å gi permisjon til ferie, treningssamlingar eller liknande, når eleven har udokumentert fråvær.

Permisjon elevar har krav på

- Medlemmar av trussamfunn utanfor Den norske kyrkja har rett til fri på heilagdagane for sitt trussamfunn dersom dei søker om permisjon.

§ 2-3 a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

Skolen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtendingar og sikre retten til likeverdig opplæring.

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emne i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i andre ledd.

Vi kan innvilge permisjon for

- Spesielle arrangement og markeringar (politisk arbeid, organisasjonsarbeid, familiehendingar/feiringar)
- Idrett og kulturell konkurranse/stemne på høgt nivå

Søknadsfrist

Søk om permisjon i god tid før de ønsker permisjon, helst tre veker før.

Søknad

For 1 dag: Kontaktlærar kan gi permisjonen.

For 2 - 10 dagar: Konseptansvarleg kan gi fri.